



DEN NORSKE KIRKE

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd

UKM 09/07

Revisjon av ordning for bispenominasjon – Grupper som har røysterett ved bispenominasjon/bispeval

Eitt vedlegg

Saksorientering

Kyrkerådet bad i sitt vedtak (sak KR 09/07) om ein gjennomgang av reglane om kva for grupper som har røysterett og uttalerett ved bispenominasjon. Anten røystinga i framtida blir rådgivande eller avgjerande er det behov for ein slik gjennomgang.

Det blir gjort framlegg om at ein framleis skal leggje hovudvekta på dei lokale røystegruppene i bispedømmet, men i tillegg halde på at nokre av dei som har røysterett, skal ha ei sentralkyrkjeleg tilknytning fordi bispeembetet er einskapens embete i heile vår kyrkje. I tillegg har bispemøtet i Den norske kyrkja ei rekkje heilskapskyrkjelege ansvarsområde.

I dag har desse gruppene rett til å røyste ved bispenominasjon:

- a) prestar i offentleg kyrkjeleg stilling i det aktuelle bispedømmet
- b) prostane i dei andre bispedømme
- c) dei teologiske professorane ved dei teologiske fakulteta og rektorane ved dei praktisk-teologiske seminara
- d) sokneråda i det aktuelle bispedømmet
- e) vigsla kateketar, diakonar og kantorar i offentleg kyrkjeleg stilling i det aktuelle bispedømmet.

Det blir gjort framlegg om at prostar, teologiske professorar og praktikumsrektorar ikkje lenger skal ha røysterett.

I staden gjer ein framlegg om at medlemmene i Kyrkjemøtet får røysterett ved bispenominasjon/bispeval.

I den samanhengen vurderer ein òg å gi kyrkjemøteutsendingane frå dei teologiske fakulteta og frå Ungdommens kyrkjemøte røysterett ved bispenominasjon. Ungdommens kyrkjemøte vel tre utsendingar til Kyrkjemøtet. I tillegg vel Ufung éin, slik at i alt fire utsendingar møter på KM med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett. Forslaget om at desse fire skal ha røysterett ved bispenominasjon, inneber at dei har røysterett heile året frå det UKM der dei blir valde, til neste UKM året etter.

Kva meiner Ungdommens kyrkjemøte om det?

Vedlegg til UKM 09/07

Den ordninga som gjeld i dag, har vakse fram gjennom meir enn 160 år, og stadig fleire grupper har fått røysterett ved den rådgivande røystinga eller uttalerett. Utgangspunktet var at Kongen ved Kyrkjedepartementet ønskte råd frå sine geistlege embetsmenn om kven som eigna seg som biskop. Frå 1840–1880-åra fekk først prostane, sidan biskopane og dei teologiske professorane og til sist prestane i det aktuelle bispedømmet høve til å kome med slike råd. Frå 1920-åra og framover har òg lekfolket fått høve til å delta i den rådgivande røystinga etter kvart som den kyrkjelege rådsstrukturen er bygd opp. Sokneråda har hatt rett til å delta sidan 1922. Ei av dei første og viktigaste oppgåvene til bispedømmerådet sidan skipinga i 1933 var å nominere bispekandidatar. Kyrkjerådet har lagt fram sitt syn sidan 1984. Nyleg har òg vigsla kateketar, diakonar og kantorar fått røysterett ved den rådgivande røystinga. I Prøveordninga har òg bispedømmerådet i det aktuelle bispedømmet hatt høve til å kome med ei grunngiven fråsegn.

Dei røysteføre gruppene i den rådgivande røystinga er dels knytte til det bispedømmet som skal ha ny biskop, eller dei høyrer til på sentral- eller heilskapskyrkjeleg nivå.

Grupper i bispedømmet som har røysterett

Dei røysteføre gruppene i bispedømmet er:

- sokneråda
- prestar i offentleg kyrkjeleg stilling
- vigsla kateketar, diakonar og kantorar i offentleg kyrkjeleg stilling

Gjennom desse gruppene kjem både embete og råd (om *embete og råd* sjå vedlegget *Fakta om Den norske kirke*) til orde i eit balansert forhold. Det blir ikkje gjort framlegg om å endre på kva slags grupper som skal ha røysterett. Det gjeld òg sjølv om den rådgivande røystinga skulle bli eit reint bispeval.

Grupper på sentral- eller heilskapskyrkjeleg nivå som har røysterett

På dette nivået er det ingen grupper av lekmenn som røystar ved den rådgivande røystinga. Dei røysteføre gruppene på dette nivået er:

- prostane i dei andre bispedømme
- dei teologiske professorane ved dei teologiske fakulteta og rektorane ved dei praktisk-teologiske seminara

Votumet til prostane og dei teologiske professorane og praktikumsrektorane skriv seg frå innføringa av ordninga på 1840-talet, der kongen rådspurde embetsmennene sine. I staden for at prostane har røysterett fordi dei er kongens embetsmenn og kyrkjelege mellomleiarar, er det i dag meir naturleg å gi røysterett til representantar som er valde på meir demokratisk vis, som dei faste presterepresentantane (med vararepresentantar) til Kyrkjemøtet.

Kriteria for å bli teologisk professor har endra seg, og vi har fått langt fleire teologiske professorar. I og med at professorane røystar utan å grunngi, gir røystene deira i praksis liten grad fagleg teologisk vurdering av kandidatane.

Slik situasjonen er i dag, er det meir naturleg å gi røysteretten til representantar som er valde på meir demokratisk vis. Dessutan er det eit ønske at både embete og råd kjem til orde i eit balansert forhold på dette nivået òg.

Derfor blir det gjort framlegg om å gi røysteretten på sentralkyrkjeleg nivå til *medlemmane i Kyrkjemøtet* med eit par mogelege tillegg. Framlegget inneber at prostane og dei teologiske professorane og praktikumsrektorane ikkje lenger skal ha røysterett – verken ved rådgivande bispeavrøysting eller ved bispeval.

I dag er det ingen leke utanfor bispedømmet som har røysterett. Dei leke medlemmene i Kyrkjerådet er saman med resten av rådet med i uttalefasen i den ordninga vi har i dag. Dersom ein først skal innføre eit lekt element på sentralt plan, peikar dei leke medlemmene i Kyrkjemøtet seg ut som ei naturleg gruppe. Dei er valde ved kyrkjelege val til å representere bispedømma sine. Som medlemmer i eit bispedømmeråd får dei med nominasjonen av bispekandidatar å gjere ved bispeskifte i bispedømma sine. Det at rådsmedlemmene har røysterett ved alle bispeval, kan vere med og heve kompetansen til bispedømmeråda i bispenominasjonsarbeidet. I ei funksjonstid på fire år skjer det normalt fleire bispeskifte.

Det sentralkyrkjelege elementet i valkollegiet bør ha slik samansetjing:

Det sentralkyrkjelege *leke* elementet er dei leke medlemmene i Kyrkjemøtet medrekna dei leke kyrkjeleg tilsette, i alt 59, pluss dei leke blant dei 5 kyrkjemøtemedlemmene som blir valde på fritt grunnlag. I kyrkjemøtesamanheng høyrer kateketar, diakonar og kantorar med i gruppa *lek kyrkjeleg tilsett* anten dei er vigsla eller ikkje. Gjennom dei leke medlemmene i Kyrkjemøtet vil òg dei samiske og døvekyrkjelege interessene vere representerte i valkollegiet.

I tillegg til dei faste leke medlemmene i Kyrkjemøtet rår ein til at dei fire representantane for Ungdommens kyrkjemøte som har tale- og forslagsrett i Kyrkjemøtet, får røysterett ved bispenominasjon/bispeval. Det vil styrkje ungdomsrepresentasjonen i valkollegiet. Delegatane frå Ungdommens kyrkjemøte må i så fall i samband med bispenominasjon/bispeval få funksjonstid i eitt år frå dei blir valde på Ungdommens kyrkjemøte og til det er valt nye kyrkjemøtedelegatar på Ungdommens kyrkjemøte neste år.

Det sentralkyrkjelege *geistlege* elementet bør vere biskopane (11) og presterepresentantane til Kyrkjemøtet og vararepresentantane deira (22). Biskopane får dobbelstemme. I tillegg kjem prestane blant dei 5 kyrkjemøtemedlemmene som er valde på fritt grunnlag.

Biskopane kjem til å misse uttaleretten i ei rein valordning. Det blir gjort framlegg om at biskopane i staden får røysterett innanfor kvoten for *sentrale* representantar for den ordinerte tenesta. Vararepresentantane for presterepresentantane blir med i valkollegiet for å få eit større sentralt valkollegium av prestar som er meir representativt. Ved val av prestar til bispedømmeråd stiller ikkje kandidatane med personlege vararepresentantar. Den som får nest flest stemmer i bispedømmerådsvalet, blir vararepresentant. Vararepresentanten får derfor truleg oftast ein noko annleis profil enn den faste medlemmen i bispedømmerådet.

Ved overgang til ei bispevalordning bør representantane frå dei tre teologiske fakulteta som har tale- og forslagsrett til Kyrkjemøtet, få røysterett ved bispevalet. Slik kan ein føre vidare tradisjonen med at dei tre teologiske fakulteta har ei rådgivande rolle i kyrkjesaker sjølv om den rolla blir noko mindre.

